

Fyrste Mosebok

Gud skaper verda

1 I opphavet skapte Gud himmelen og jorda. ² Jorda var aud og tom, og mørker låg over havdjupet. Men Guds Ande sveiv over vatnet. ³ Då sa Gud: «Det verte ljøs!» Så vart det ljøs. ⁴ Og Gud såg at ljøset var godt, og han skilde ljøset frå mørkret. ⁵ Gud kalla ljøset dag, og mørkret kalla han natt. Og det vart kveld, og det vart morgon, fyrste dagen.

⁶ Då sa Gud: «Det skal verta ein kvelv midt i vatnet; han skal skilja vatn frå vatn!» Og det vart så. ⁷ Så gjorde Gud himmelkvelven og skilde vatnet som er under kvelven, frå vatnet som er over han. ⁸ Gud kalla kvelven himmel. Og det vart kveld, og det vart morgon, andre dagen.

⁹ Då sa Gud: «Vatnet under himmelen skal samla seg på ein stad, så det faste landet kjem til synes!» Og det vart så. ¹⁰ Gud kalla det faste landet jord, og vatnet som hadde samla seg, kalla han hav. Og Gud såg at det var godt.

¹¹ Då sa Gud: «Jorda skal la grøne vokstrar gro fram, planter som set frø, og tre som ber alle slag frukt med frø i, på jorda!» Og det vart så. ¹² Jorda bar fram grøne vokstrar, planter som set frø, kvar etter sitt slag, og tre som ber frukt med frø i, kvart etter sitt slag. Og Gud såg at det var godt. ¹³ Og det vart kveld, og det vart morgon, tredje dagen.

¹⁴ Då sa Gud: «Det skal verta ljøs på himmelkvelven. Dei skal skilja mellom dag og natt og vera merke på høgtider, dagar og år. ¹⁵ Dei skal skina på kvelven og lysa ut over jorda.» Og det vart så. ¹⁶ Gud skapte

dei to store ljøsa, det største til å råda om dagen og det minste til å råda om natta, og stjernene. ¹⁷ Gud sette dei på himmelkvelven til å lysa ut over jorda, ¹⁸ til å råda om dagen og natta og til å skilja ljøset frå mørkret. Og Gud såg at det var godt. ¹⁹ Og det vart kveld, og det vart morgon, fjerde dagen.

²⁰ Då sa Gud: «Det skal yrja med liv i vatnet, og fuglar skal flyga over jorda, oppunder himmelkvelven.»

²¹ Så skapte Gud dei store sjødyra og alt liv som det yr og kryr av i vatnet, kvart etter sitt slag, og alle dyr som har venger å flyga med, kvart etter sitt slag. Og Gud såg at det var godt. ²² Han velsigna dei og sa: «De skal veksa og aukast og fylla vatnet i havet, og fuglane skal aukast på jorda!» ²³ Og det vart kveld, og det vart morgon, femte dagen.

²⁴ Då sa Gud: «Jorda skal la alle slag levande skapningar gå fram, fe, kryp og villdyr, kvar etter sitt slag.» Og det vart så. ²⁵ Gud skapte alle slag ville dyr og alle slag fe og krypet på marka av alle slag. Og Gud såg at det var godt.

²⁶ Då sa Gud: «Lat oss skapa menneske i vårt bilete, i vår likning! Dei skal råda over fiskane i havet og fuglane under himmelen, over feet og alle villdyra og alt krypet som

1,1 skapte: Det hebr. verbet som vert nytta her, står alltid med Gud som subjekt. 1,1 2,4; Job 38; Sal 8; 33,6; 104; Joh 1,1,3; Kol 1,16 1,3 Sal 33,9; 2 Kor 4,6 1,7 vatnet som er over han: himmelhavet. Sml. 7,11; Sal 104,2ff; Job 36,27f. 1,7 Sal 104,3; 148,4 1,9 Sal 33,7; 104,6ff 1,14 Sal 104,19; Jer 31,35 1,16 Sal 136,7ff 1,26 5,1,3; 9,6; Sal 8,7ff

1. Mosebok 1-2

krælar på jorda.»²⁷ Så skapte Gud mennesket i sitt bilete, i Guds bilete skapte han det, til mann og kvinne skapte han dei.²⁸ Og Gud velsigna dei og sa til dei: «De skal veksa og aukast, fylla jorda og leggja henne under dykk. De skal råda over fiskane i havet og fuglane under himmelen og alle dyr som det kryr av på jorda!»²⁹ Og Gud sa: «Sjå, eg gjev dykk alle planter som set frø, så mange som finst på jorda, og alle tre som ber frukt med frø i. Dei skal vera til føde for dykk.»³⁰ Og alle dyr på jorda, alle fuglar under himmelen og alt som kryp på jorda, alt som har livsande i seg, gjev eg alle dei grønne plantene til føde.» Og det vart så.

³¹ Og Gud skoda alt det han hadde gjort, og sjå, det var overlag godt. Og det vart kveld, og det vart morgon, sjettedagen.

2 Såleis vart himmelen og jorda fullførte med heile sin hær.² Den sjuande dagen hadde Gud fullført heile sitt verk. Så kvilte Gud den sjuande dagen etter at han hadde gjort alt dette.³ Og Gud velsigna den sjuande dagen og lyste han heilag. For den dagen kvilte Gud etter det verk han hadde gjort då han skapte.

⁴ Dette er saga om himmelen og jorda då dei vart skapte.

Mennesket i Guds hage

På den tid Herren Gud skapte jorda og himmelen,⁵ fanst det ikkje ein busk på jorda, og endå hadde ikkje eit grønt strå runne. For Herren Gud hadde ikkje late det regna på jorda, og det var ikkje menneske til å dyrka marka.⁶ Men så braut ei kjelde fram or jorda og vatna heile marka.⁷ Og Herren Gud skapte mannen av mold frå marka og bles livsande inn i nasen hans, så mannen vart til ein levande skapning.

⁸ Herren Gud planta ein hage i Eden, ein stad i aust. Der sette han

mannen han hadde skapt.⁹ Og Herren Gud lét alle slag tre veksa opp or jorda, herlege å sjå på og gode å eta av, og midt i hagen livsens tre og det treet som gjev kunnskap om godt og vondt.

¹⁰ Ei elv gjekk ut frå Eden. Ho vatna hagen og delte seg sidan i fire greiner.¹¹ Den fyrste heiter Pisjon. Det er den som renn kring heile Havila-landet, der det er gull.¹² Gullet i det landet er godt. Der er det dei finn bedolah-kvae og karneol.¹³ Den andre elva heiter Gihon. Det er den som renn kring heile Nubia.¹⁴ Den tredje elva heiter Hiddekel. Det er den som renn austanfor Assur. Og den fjerde elva er Eufrat.

¹⁵ Så tok Herren Gud mannen og sette han i Eden til å dyrka og verna hagen.¹⁶ Og Herren Gud gav mannen dette påbodet: «Du kan gjerne eta av alle trea i hagen.¹⁷ Men det treet som gjev kunnskap om godt og vondt, det må du ikkje eta av; for den dagen du et av det, skal du døy.»

¹⁸ Då sa Herren Gud: «Det er ikkje godt for mannen å vera åleine. Eg vil gje han ei hjelp som svarar til han.»¹⁹ Og Herren Gud tok jord og skapte alle dyra på marka og alle fuglane under himmelen, og han leidde dei fram til mannen og ville sjå kva han kalla dei. Det mannen kalla kvar levande skapning, det skulle han heita.²⁰ Så sette mannen namn på alt feet, alle fuglane under himmelen og alle villdyra på marka. Men for seg sjølv fann han inga hjelp som svara til han.

²¹ Så lét Herren Gud ein tung svevn koma over mannen. Og medan han sov, tok han eit av sidebeina hans og fylte att med kjøtt.²² Av det sidebeinet Herren Gud hadde teke frå mannen, bygde han ei kvinne, og han leidde henne bort til han.²³ Då sa mannen:

«Dette er då bein av mine bein og kjøt av mitt kjøt.

Ho skal kallast kvinne, for ho er teken av ein mann.»

²⁴ Difor skal mannen skiljast frå far sin og mor si og halda seg til kona si, og dei to skal vera eitt.

²⁵ Dei var nakne, både mannen og kona hans, og dei blygdest ikkje.

Syndefallet

3 Ormen var listigare enn alle villdyra som Herren Gud hadde skapt. Han sa til kvinna: «Har Gud verkeleg sagt at de ikkje skal eta av noko tre i hagen?» ² Kvinna svara: «Vi kan godt eta av frukta på trea i hagen. ³ Berre om frukta på det treet som står midt i hagen, har Gud sagt: Den må de ikkje eta av og ikkje røra; for då skal de døy!» ⁴ Då sa ormen til kvinna: «De skal ikkje døy!» ⁵ Men Gud veit at den dagen de et av frukta, skal augo dykkar opnast; de skal verta som Gud og kjenna godt og vondt.» ⁶ No såg kvinna at treet var godt å eta av, og ho tykte det var ein hugnad for augo – eit framifrå tre, sidan det kunne gjera ein klok. Så tok ho av frukta og åt. Og ho gav mannen sin, som var med henne, og han åt. ⁷ Då vart augo deira opna, og dei merka at dei var nakne. Og dei neste i hop fikenblad og batt kring livet.

⁸ Då hørde dei Herren Gud som gjekk i hagen i den svale kveldsvinden. Og Adam og kona hans gøymde seg for han mellom trea i hagen.

⁹ Men Herren Gud ropa på Adam og sa til han: «Kvar er du?» ¹⁰ Han svara: «Eg hørde deg i hagen. Då vart eg redd, fordi eg var naken, og så gøymde eg meg.» ¹¹ Då sa han: «Kven har sagt deg at du er naken? Har du ete av det treet eg forbaud deg å eta av?» ¹² Adam svara: «Kvinna som du sette til å vera hjå meg, ho gav meg av treet, og eg åt.»

¹³ Herren Gud sa til kvinna: «Kva er

det du har gjort?» Kvinna svara: «Ormen lokka meg, og eg åt.»

¹⁴ Då sa Herren Gud til ormen:

«Fordi du gjorde dette, skal du vera forbanna framfor alt fe og alle villdyr. På buken skal du krypa, og mold skal du eta alle dine dagar.

¹⁵ Fiendskap vil eg setja mellom deg og kvinna, mellom ditt avkom og hennar ætt. Dei skal krasa ditt hovud, og du skal hogga dei i hælen.»

¹⁶ Til kvinna sa han: «Stor vil eg gjera di møde så tidt du er med barn; med verk og vande skal du føda. Etter mannen din skal du stunda, og han skal råda over deg.»

¹⁷ Og til Adam sa han: «Fordi du hørde på kona di og åt av treet som eg forbaud deg å eta av, skal jorda vera forbanna for di skuld. Med møde skal du næra deg av henne alle dine levedagar.

1,27 2,7,21f; Matt 19,4; 1 Kor 11,7 1,28 9,1 1,29 9,3 2,2f 2 Mos 20,11; 31,17; Hebr 4,4 2,7 På hebr. heiter menn *adam* og mark eller jord *adama*. 2,7 1,27; 1 Kor 15,45ff 2,8 *Eden*: Namnet likjest eit hebr. ord for glede. I den gr. oms. vert hagen kalla *paradeisos*, av det vart «paradis». 2,9 Ordt 3,18; Op 2,7; 2,22 2,11 *Havila-landet*: i Arabia. Sml. 25,18; 1 Sam 15,7. 2,11–14 *Pisjon, Gihon og Hiddekel*: paradisetvar; dei to fyrstnemnde er ukjende, den sistnemnde er Tigris. 2,12 *bedolah-kvae*: eit slag godangande harpiks. 2,17 Rom 6,23 2,18 Fork 4,8f 2,22 1 Kor 11,8; 1 Tim 2,13 2,23 Den hebr. teksten har her eit ordspel: Mann heiter *isj*, kvinne *isjsja*. 2,24 Matt 19,5; Ef 5,31 2,25 3,7 3,1 *Ormen*: her talerøyr for ei vord og freistande makt. Sml. 2 Kor 11,3; Op 12,9. 3,3 2,16f 3,4 Joh 8,44; 2 Kor 11,3 3,6 1 Tim 2,14 3,7 2,25 3,8 *Adam*: → 2,7. 3,13 3,4+ 3,15 Hebr 2,14f; 1 Joh 3,8

1. Mosebok 3-4

¹⁸ Torn og tistel skal ho bera,
og du skal eta
av vokstrane på marka.

¹⁹ Med sveitte i andletet
skal du eta ditt brød,
til dess du fer i jorda att;
for av henne er du teken.
Jord er du,
og til jord skal du atter verta.»

²⁰ Adam kalla kona si Eva; for ho
vart mor til alle som lever. ²¹ Og
Herren Gud laga klede av skinn til
Adam og kona hans og kledde dei
med.

²² Og Herren Gud sa: «No har
mennesket vorte som ein av oss og
kjenner godt og vondt. Berre det no
ikkje retter ut handa og tek av liv-
sens tre og et og lever evig!» ²³ Så
viste Herren Gud dei ut or hagen i
Eden og sette dei til å dyrka jorda,
som dei var tekne av. ²⁴ Han dreiv
mennesket bort; og austanfor hagen
sette han kjerubane og det logande
sverdet som svinga att og fram. Dei
skulle vakta vegen til livsens tre.